



## Eigarskapsmelding Gloppen kommune 2023

Vedteken i kommunestyret i sak 0xx/24.

## Innhold

<b>Handsaming i kommunestyret 19.06.2024:</b> .....	<b>4</b>
<b>Del I – Generell del og eigarstrategi</b> .....	<b>5</b>
1.1 Innleiing .....	5
1.2 Bakgrunn for eigarmeldinga .....	5
1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Gloppen kommune .....	5
1.2.2 Tilrådingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS) .....	6
1.2.3 Kjenneteikn ved dei ulike former for selskap .....	7
1.3 Omfanget av kommunalt eigarskap i Gloppen kommune per 31.12.2023 .....	11
1.4 Eigarskapspolitikk og eigarskapsstrategi .....	12
1.4.1 Viktige vurderingar ved val av selskapsform.....	12
1.4.2 Kommunen sine ulike roller.....	12
1.4.3 Kort om status i Gloppen .....	13
1.4.4 Utdringar ved eigarstyring.....	13
1.5 Eigarskapspolitikk.....	14
1.5.1 Val av selskapsform .....	14
1.5.2 Føremål med kommunen sin eigarskap i selskap.....	14
1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter .....	14
1.5.4 Utbytte.....	15
1.5.5 Samfunnsansvar og etikk .....	15
1.5.6 Valkomit� for styreutnemning i selskap .....	15
1.5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet .....	15
1.5.8 Gjennomf�ring av eigarm�te .....	16
1.5.9 Kommunedirekt�ren si rolle i kommunale f�retak .....	16
1.6 Eigarskapsstrategi .....	16
1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre.....	16
1.6.2 Obligatorisk oppl�ring av og informasjon til folkevalde .....	17
1.6.3 Registrering av styreverv .....	17
1.6.4 Styrehonorar og leiarl�nn.....	17
1.6.5 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar .....	18
1.6.6 Tilsyn og kontroll.....	18
1.6.7 Beredskapsplanar - Risiko og s�rbarheitsanalyse .....	19
1.6.8 Klimabudsjett .....	19
1.6.9 Egedomsstrategi .....	19
<b>DEL II – Omtale av kvart selskap</b> .....	<b>20</b>
2.1 Aksjeselskap.....	20
2.1.1 Sogn og Fjordane Energi AS (984 882 092).....	20
2.1.2 Gloppen Energi AS (993 039 330).....	21
2.1.3 Sogn og Fjordane Holding AS (989 339 338) .....	22
2.1.4 Firda Billag AS (997 269 853).....	23
2.1.5 Breimsbygda skisenter AS (966 596 996) .....	24
2.1.6 Movia Holding AS (928 354 547) .....	25
2.1.7 Visit Nordfjord AS (968 397 478) .....	26
2.1.8 Nordfjordbrua AS (992 271 973).....	27
2.1.9 Midtvegen 615 AS (912 681 963).....	28
2.1.10 Voldsfjordkryssing AS (916 866 615).....	29
2.1.11 Enivest AS (982 503 620).....	30
2.1.12 Eggenibber�sa AS (921 704 135) .....	31
2.1.13 Kommunal Landspensjonskasse (KLP) .....	32
2.1.14 Vann Vest AS (924 367 148).....	33
2.2 Heileigde kommunale aksjeselskap .....	34
2.3 Kommunale f�retak.....	34
2.4 Samvirkef�retak .....	35
2.4.1 Biblioteksentralen SA (910 568 183).....	35
2.4.2 Trivselsskogen SA (915 994 245).....	36
2.5. Interkommunale selskap (IKS) .....	37
2.5.1 Nordfjord Milj�verk IKS (977 549 833).....	37
2.5.2 Alarmsentralen IKS (971 361 883).....	38
2.5.3 Nordfjord Havn IKS (884 276 012).....	39
2.5.4 Theigedom IKS (991 625 348) .....	40

2.6. Kommunale OppgåveFelleskap (KOF) .....	41
2.6.1 Vestland revisjon kommunale oppgåvefelleskap (923 249 478).....	41
2.6.2 IKT Nordfjord (812 536 982) .....	41
2.6.3 Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap (930 064 661).....	42
2.6.4 SEKOM sekretariat kommunalt oppgåvefelleskap (987 631 554).....	42
2.7 Interkommunalt Politisk Råd .....	43
2.7.1 Fjordane interkommunalt politisk råd .....	43
2.8 Stiftingar.....	43
2.8.1 Gloppen frivilligsentral (971 366 362) .....	43
2.8.2 Stiftinga Karnilstunet (976 474 767).....	43
2.8.3 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (994 179 136).....	43
2.8.4 Stiftinga Norsk Countrytreff (987671 017).....	44
2.8.5 Stiftinga Norsk Fjordhestgard (856 625 982) .....	44
2.8.6 Fjellstad stiftelse (977 146 453).....	45
2.9 Andre samarbeidsorgan/medlemsorganisasjonar Gloppen kommune har interesser i .....	45
2.9.1 Nordfjordrådet (vedtatt avvikla 04.12.2023) .....	45
2.9.2 Fjordane folkehøgskule.....	45
2.10 Fallrettar .....	46
2.10.1 Myklebustdalselva.....	46
2.10.2 Flølofossen .....	46
<b>DEL III – oversikt over Gloppen kommune sine leigeobjekt .....</b>	<b>47</b>

# **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 19.06.2024:**

**KOM- 0xx/24 Vedtak:**

# DEL I – GENERELL DEL OG EIGARSTRATEGI

## 1.1 INNLEIING

Det er utarbeida eigarskapsmelding for Gloppen kommune sidan 2017.

Eigarmeldinga vert rullert kvart år.

**Del I** av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

**Del II** av meldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

**Del III** syner ei oversikt oversikt over Gloppen kommune sine leigeobjekt (ref. KOM-096/23).

## 1.2 BAKGRUNN FOR EIGARMELDINGA

### 1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Gloppen kommune

#### Gjeldande vedtak frå 11.02.2021:

Kommunestyret vedtok på møtet 11.02.2021 denne eigarskapsstrategien for selskap og eigedommar som Gloppen kommune eig eller er medeigar i:

*«Gloppen kommune skal utøve ein aktiv eigarskap gjennom å formulere klare forventingar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med kommunestyret sine vedtak/føringar.*

- 1. Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal utøve kommunen sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal reflektere fleirtalet i kommunestyret. Det er likevel slik at styremedlemmer har plikt til å ivareta selskapet sine interesser - også om desse kjem i konflikt med eigaren sine interesser. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med kommunestyret når det er nødvendig og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste kommunestyremøte, kan dei drøftast med formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Gloppen kommune er eigar i, jfr kommunedirektøren si utgreiing.*
- 2. Medlemmar av kommunestyret i Gloppen kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i kommunestyret, skal forvaltingslova sine reglar om habilitet leggjast til grunn.*
- 3. Gloppen kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriteria:*
  - a. Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.*
  - b. Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon.*
  - c. Kommunen kan organisere delar av den kommunale/interkommunale aktiviteten*

*som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.*

4. *I selskap med næringsdrift bør Gloppen kommune stille krav om utbytte.*
5. *Gloppen kommune skal eige, forvalte og utvikle kommunen si egedomsmasse slik at egedomane bidreg til effektiv tenesteproduksjon og god forretningsmessig drift.*
6. *Eigarskapsmeldinga skal rullerast årleg saman med behandlinga av økonomiplanen i juni.*
7. *Gloppen kommune skal ha ei positiv haldning til å gå inn i selskap som driv med grøn energiproduksjon »*

Opprinneleg vedtak frå 19.12.2016:

*«Kommunestyret ber om å få framlagt ei eigarskapsmelding for Gloppen kommune til kommunestyremøtet i april 2017. Eigarskapsmeldinga skal mellom anna innehalde:*

- Oversikt over selskap Gloppen kommune har eigarskap i (AS, IKS, KF m.v.) og ei beskriving av desse. Det skal innarbeidast i meldinga kven som etter innspel/val frå kommunen sit i styrande organ i det aktuelle selskapet.*
- Oversikt over egedomar (bustad og anlegg m.v.)*
- Oversikt over stiftingar der Gloppen kommune har vore medstiftar, eller har innstillingsrett til styre.*

*Eigarskapsmelding skal rullerast årleg på kommunestyremøte i mars/april.»*

## **1.2.2 Tiltrådingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)**

Kommunenes Sentralforbund (KS) har utarbeidd 21 anbefalingar for aktivt eigarskap:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Vurdering og val av selskapsform
3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
4. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
5. Utarbeiding og revidering av styringsdokument
6. Eigarmøte
7. Samansetting og funksjon til eigarorganet
8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Samansettinga av styret
10. Valkomité og styreutnemningar
11. Kjønnsmessig balanse i styra
12. Rutinar for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyra
13. Styresamansetting i konsernmodell
14. Oppnemning av vararepresentantar
15. Habilitetsvurderingar
16. Godtgjering av styreverv
17. Registrering av styreverv
18. Arbeidsgjevartilhøyrighet i sjølvstendige rettssubjekt
19. Utarbeiding av etiske retningslinjer
20. Særleg om rådmannen sin rolle i kommunale føretak
21. Utøving av tilsyn og kontroll

## 1.2.3 Kjenneteikn ved dei ulike former for selskap

### 1.2.3.1 AKSJESELSKAP

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og vert formelt sett ikkje rekna som ein del av kommunen, korkje organisatorisk, økonomisk eller kompetansmessig.

Aksjeselskap har eigne økonomiske rammer gjennom vedtekne budsjett, og held seg til investeringar og driftsposter utanfor kommunen sitt budsjett. Skulle selskapet ikkje vera økonomisk levedyktig, vil aksjeselskapsforma avgrense kommunen sitt ansvar og økonomisk risiko. Aksjeselskap er selskap med avgrensa ansvar. Aksjonærane sin økonomiske risiko er avgrensa til aksjeinnskot, med tillegg av eventuelle eigarlån til selskapet.

Det øvste organ i eit aksjeselskap er generalforsamlinga. Generalforsamlinga utgjer eigarane og er ansvarleg for at selskapet har eit styre, ein revisor og tilstrekkeleg kapital og akseptable rammer for drift. Generalforsamlinga vedtek normalt vedtektene for selskapet. Kommunestyret bestemmer vedtektene i samband med etablering av selskapet.

Som eigar kan kommunestyret sjølv velje medlemmer til styret i eit aksjeselskap eller gje fullmakt til den eller dei som skal utøve mynde som generalforsamling til å velje styre. Kommunen kan som aksjeeigar ikkje gje direkte pålegg til styret i selskapet utan å gå gjennom generalforsamlinga. Styremedlemmer skal i første rekke ta i vare selskapet sine interesser – og ikkje kommunen sine interesser. Vert det interessekonflikt her kan kommunen oppmode styret om å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling, men det er selskapet sjølv som avgjer om det vert slik generalsforsamling. Dei vilkår som ligg i eigarstyring ved utforming av vedtekter bør nyttast – eventuelt ved aksjonæravtale. Slik sett kan eit aksjeselskap indirekte vere styrt politisk.

I aksjeselskap etablert saman med andre kommunar / fylkeskommunar/private aktørar, kan styret utgjere representantar frå alle desse. Indirekte eigarstyring skjer ved at selskapsforma gjev handlefridom til styret og med mynde plassert gjennom eigarane i generalforsamlinga. Det økonomiske ansvaret for kommunen er avgrensa til innskoten aksjekapital. Direkte eigarstyring kan gjerast gjennom utforming av vedtekter og eventuelle aksjonæravtalar slik at det gjev god politisk styring av kommunale kjerneoppgåver /tenester.

### 1.2.3.2 INTERKOMMUNALT SELSKAP (IKS)

Samarbeid mellom fleire kommunar og eller fylkeskommunar kan organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS). Desse selskapa er underlagt IKS-lova. Selskapa er eigne juridisk einingar og rettsleg og økonomisk skilde frå deltakarkommunane, men likevel slik at kvar deltakar heftar uavgrensa for sin del av selskapet sine plikter. Eit slikt selskap kan ikkje gå konkurs. IKS skil seg frå kommunale føretak, kommunale oppgåvefelles og vertskommunesamarbeid etter kommunelova sine §§ 9, 18, 19 og 20.

Ved etablering av IKS skal det liggje føre ein selskapsavtale som skal vedtakast i kommunestyret. Avtalen dannar grunnlaget for etableringa av selskapet og korleis drift, ansvar og praktisk tilrettelegging skal skje. Oppstår det tvil eller usemje om drifta av selskapet, ansvar eller utøving av mynde, er det selskapsavtalen som bind partane.

Selskapsavtalen kan også seie noko om reglar for visse type saker, og korleis mynde eventuelt skal delast mellom styret og representantskapet.

Øvste mynde er representantskapet som er sett saman av minst eitt medlem frå kvar kommune/fylkeskommune valt av kommunestyret/fylkesting. Kommunestyret/fylkestinget kan ha instruksjonsrett overfor sine medlemmar i representantskapet. Representantskapet vel styre i

selskapet, og handsamar rekneskap, budsjett og økonomiplan samt andre saker som etter lov eller selskapsavtale skal handsamast i representantskapet. Representantskapet kan gjere om vedtak gjort i styret.

Lova sine reglar medfører at deltakarkommunane har større påverknad over styringa av IKS-selskap enn det aksjelova gjev deltakarane eller eigarane i eit aksjeselskap. Denne selskapsforma er mest bruk som selskapsform ved gjennomføring av kommunale tenester som er styrt etter behov og er regelstyrt, og som gjennom samarbeid er meint å gje stordriftsfordeler, større fagmiljø og lettare rekruttering av fagkompetanse.

Selskapsforma vert også mykje nytta der det skal gjennomførast regionale utviklingsoppgåver, prosjekt og anlegg. For å sikre eigarar og selskapet god økonomistyring og føreseielege rammer, må styret ha føringar frå representantskapet.

### **1.2.3.3 INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD**

To eller fleire kommunar kan saman opprette eit interkommunalt politisk råd, jf. kommunelova §18. Deltakarane har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine forpliktelsar.

Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Alle deltakarane i rådet skal vere representert med minst eit medlem i representantskapet. Kwart kommunestyre vel sine eigne medlemmar og minst like mange varamedlemmar. Dersom ikkje noko anna er fastlagt i samarbeidsavtalen, vel representantskapet sjølv leiar og nestleiar.

Når eit interkommunalt politisk råd vert oppretta, skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet. Dei enkelte kommunestyra i alle deltakarkommunane skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og avtaleendringar.

### **1.2.3.4 KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP (KOF)**

To eller fleire kommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgåvefelleskap for å løyse felles oppgåver, jf. kommunelova §19. Deltakarane har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgåvefelleskapet sine forpliktelsar.

Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefelleskap. Alle deltakarane skal vere representert med minst eit medlem i representantskapet. Kwart kommunestyre vel sine eigne medlemmar og minst like mange varamedlemmar. Dersom ikkje noko anna er fastlagt i samarbeidsavtalen, vel representantskapet sjølv leiar og nestleiar. Dagleg leiar i oppgåvefelleskapet kan ikkje vere medlem av representantskapet.

Når eit kommunalt oppgåvefelleskap vert oppretta, skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane. Dei enkelte kommunestyra i alle deltakarkommunane skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og avtaleendringar.

### **1.2.3.5 VERTSKOMMUNESAMARBEID**

Interkommunalt samarbeid kan også organiserast etter vertskommunemodellen (§20). Her overlet kommunen utføringa av lovpålagte oppgåver og delegerer mynde til å treffe enkeltvedtak til ein vertskommune så langt annan lovgjeving ikkje hindrar slikt samarbeid. Det vil seie at ein kommune har driftsansvaret og budsjettansvaret mot at dei deltakande kommunane refunderer kostnader etter vedteke samarbeidsmodell. Lova skil mellom administrative vertskommunesamarbeid (§ 20-2) og vertskommunesamarbeid med felles, folkevald nemnd (§ 20-3).

Når eit vertskommunesamarbeid vert oppretta, skal det inngåast ein skrifteleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i vertskommunesamarbeidet. Dei enkelte kommunestyra i alle deltakar-

kommunane skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og endringar i denne.

#### 1.2.3.5.1 Administrativt vertskommunesamarbeid

Ein kommune kan gjere avtale med ein annan kommune (vertskommunen) at vertskommunen skal utføre oppgåver og gjere vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning. Kommunestyret delegerer sjølv mynde til å gjere vedtak ved å instruere kommunedirektøren i eigen kommune om å delegerer mynde til kommunedirektøren i vertskommunen.

Dersom vertskommunen gjer vedtak etter delegert mynde frå ein samarbeidskommune, kan samarbeidskommunen omgjere vedtaket etter reglane i forvaltningsloven § 35 første ledd.

#### 1.2.3.5.2 Vertskommunesamarbeid med felles, folkevald nemnd

Kommunar som deltek i eit vertskommunesamarbeid, kan avtale å opprette ei felles, folkevald nemnd i vertskommunen.

Deltakarane kan gje nemnda mynde til å treffe vedtak i alle typer saker dersom ikkje andre lover hindrar dette. Det skal skje ved at kommunestyra sjølv delegerer den samme mynde til nemnda. Nemnda kan gje kommunedirektøren i vertskommunen mynde til å treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.

Kvar av deltakarane i samarbeidet skal vere representert med to eller fleire medlemmar i nemnda. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar blant sine medlemmar. I samarbeidsavtalen kan det fastsettast at verva som leiar og nestleiar skal gå på omgang mellom deltakarane.

### **1.2.3.6 KOMMUNALE FØRETAK (KF)**

Føretaket er ein del av kommunen si verksemd, både juridisk og økonomisk. KF er styrt av kommunelova sin § 9. Kommunestyret er selskapet sitt øvste organ. Kommunestyret kan stifte og løyse opp føretak og dei vel styre. Den daglege leiinga i eit KF vert formelt utført av eit styre med delegert mynde og ein operativ dagleg leiar.

KF må halde seg til rammer vedteke av kommunestyret og det kommunale budsjett og handlingsprogram på lik linje med andre kommunale einingar.

Kommunedirektøren har ikkje instruksjonsmynde overfor dagleg leiar, eller mynde til å gjere om vedtak eller tiltak gjort av dagleg leiar. Kommunedirektøren kan, etter kommunelova sin § 9 nr 16, instruere dagleg leiar om at iverksettinga av ei sak skal utsettast til kommunestyret har behandla saka.

Organisering av KF vert ofte brukt som organisasjonsmodell for drift av vassverk, kommunal bygningsmasse, kulturhus og vaktmeistertjenester. Dei ulike einingane i kommunen tingar tenester av det kommunale føretaket etter behov.

### **1.2.3.7 SAMVIRKEFØRETAK**

Eit samvirkeføretak er ei samanslutning med hovudføremål å fremje medlemmane sine økonomiske interesser ved at desse deltar i føretaket si verksemd anten som forbrukarar, leverandørar eller på liknande måte. Med unnatak av ei normal forrenting av eventuell innskoten kapital, blir avkastinga stort sett verande i verksemda eller fordelt mellom medlemmane på bakgrunn av deira omsetnad i føretaket. Ingen av medlemmane har personleg ansvar for føretaket sine forplikingar.


Samvirkeføretak er kanskje særleg aktuell der bruken og nytten av samvirkeføretaket er viktigare enn avkastinga på innskoten kapital. Medlemmane deltar aktivt i verksemda anten som forbrukar eller

leverandør. Normalt sett er tilgangen til å ta ut overskot avgrensa av medlemmane sin samhandling med selskapet.

Samvirkeoven stiller krav til kva stiftelsesdokumentet og vedtektene minst skal innehalde. Eit samvirkeføretak må alltid stiftast av minst to personar og skal alltid ha minst to medlemmar. Både fysiske og juridiske personar kan vere stiftarar. (Kjelde: altinn).

### 1.2.3.8 STIFTINGAR

Stiftingar er regulert gjennom lov om stiftingar av 15.06.2001. Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har eigarar eller deltakarar. Stifting er sjølvvegande. Når stifting er etablert, har ikkje stiftarane lenger råvdelde over formueverdi som er overført til stiftinga. Stiftinga har ikkje eigarorgan, men kan etter lova ha andre styringsorgan som til dømes ein representativ stiftingsforsamling.



Figur 1 Ulike former for organisering

Figuren over viser ulike måtar å organisere den kommunale drifta på. Dei ulike alternativa er regulert av høvesvis kommunelova, lov om IKS, aksjelova og stiftelseslova. Om figuren vert lesen frå venstre mot høgre viser det at desse formene for organisering heng saman med konkurransesituasjonen for dei tenestene som vert levert. Figuren viser også styringsstrukturen og kommunen sitt ansvar i dei ulike organiseringsformene.

## 1.3 OMFANGET AV KOMMUNALT EIGARSKAP I GLOPPEN KOMMUNE PER 31.12.2023

Namn på selskap	Bokført verdi	Eigardel
<i>Aksjeselskap</i>		
Sogn og Fjordane Energi AS	72 989 030	3,5 %
Gloppen Energi AS	48 910 862	70,0 %
Sogn og Fjordane Holding AS	150 092	3,9 %
Nordfjordbrua AS	3 163 500	34,0 %
Firda Billag AS	1 017 000	10,2 %
Breimsbygda skisenter AS	1 150 000	22,6 %
Movia Holding AS	375 000	71,5 %
Visit Nordfjord AS	130 776	5,2 %
Midtvegen 615 AS	70 000	22,2 %
Voldsfjordkryssing AS	50 000	5,15 %
Eninvest AS	50 000	0,13 %
Eggenibberåsa AS	30 000	
Vann Vest AS	5 000	
KLP egenkapitalinnskott	21 652 037	
<i>Interkommunale selskap (IKS)</i>		
Nordfjord Miljøverk (Nomil)	1 000	17,3 %
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	1 000	5,4 %
Nordfjord Havn IKS	1 000	13,0 %
Trivselshagen IKS	47 344 785	50,0 %
<i>Samvirkeføretak (SA)</i>		
Biblioteksentralen SA	1	
Trivselsskogen SA	250 000	
<i>Stiftingar</i>		
Gloppen frivilligsentral	25 000	
Stiftinga Karnilstunet		
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane		
Stiftinga Norsk Countrytreff		
Stiftinga Norsk Fjordhestgard		
Fjellstad stiftelse		
<i>Interessefellesskap</i>		
Interesseselskapet Rv 52 / Rv 5		

## 1.4 EIGARSKAPSPOLITIKK OG EIGARSKAPSSTRATEGI

Eigarskapspolitikk er dei overordna føringane som kommunen legg til grunn for forvaltninga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen. Det omfattar vurderingar som vert gjort før val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premissar for val av medlemmer til styrande organ osv. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverk for kommunen si styring.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei ulike selskapa for å sikre at selskapa fyl dei målsettingar som eigarane har bestemt. Det vert gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for kvalitet og utvikling av selskapa.

### 1.4.1 Viktige vurderingar ved val av selskapsform

Det er ulike grunnar til at kommunen etablerer selskap åleine eller saman med andre. I utgangspunktet er spørsmålet om selskapet skal drive med forretningsmessig drift i ein konkurranseutsett marknad. Eit anna spørsmål er om etableringa er meir politisk og strategisk grunna i samarbeid med nabokommunar i regionen og / eller for å auke breidda i eit kompetanse- og fagmiljø.

Kommunen står fritt til å velje selskapsform så lenge lov og forskrifter ikkje set avgrensingar. Følgjande tilhøve bør vurderast før avgjerd om selskapsform vert teken:

Styring:

- Trong for politisk styring
- Tilhøvet mellom kommunen si rolle som eigar og eventuell utøvar av mynde
- Kompetanse og vilkår for kommunen til å følgje opp eigaransvaret – aktiv oppfølging
- Vilkår og avgrensing med omsyn til delegasjon av mynde
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve / samarbeid med private
- Arbeidsgjevarpolitisk strategi
- Etikk og samfunnsansvar

Økonomi:

- Økonomisk ansvar; kva plikter er det kommunen bind seg for
- Økonomisk fridom for selskapet, krav og eigarstyring sett opp mot det å halda på eiga avgjerdsmynde om prioritering av ressursar
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Reglar for offentleg innkjøp

Konkurransesituasjon:

- Risikovurderingar i høve til marknaden, miljø, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til brukar / innbyggjar.

Administrative rutinar:

- Rapportering og oversikt – kva rutinar og administrativ oppfølging er naudsynt
- Tilhøve til forvaltningslov og offentleglova.

### 1.4.2 Kommunen sine ulike roller

Kommunen har ulike roller, til dømes som utøvar av mynde, tenesteleverandør eller som eigar av selskap. Ved vurdering av etablering av selskap må trongen for politisk styring vurderast særskilt.

### 1.4.3 Kort om status i Gloppen

Dei siste 10 åra har det vore ein aukande vekst i etablering av kommunale selskap på landsbasis. Gloppen kommune var, saman med dei andre Nordfjordkommunane, tidleg ute og etablerte ulike interkommunale samarbeid for å utføre kommunale tenester og oppgåver som betre kunne løysast gjennom samarbeid enn om kvar kommune skulle utføre dette åleine. Desse samarbeida framstår i dag som interkommunale selskap (IKS), vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20 og kommunale oppgåvefelleskap (KOF) etter kommunelova §19. Kommunen er også medeigar i ordinære aksjeselskap (AS). Framover kan det bli aktuelt å organisere Nordfjordsrådet som eit interkommunalt politisk råd (IPR) etter kommunelova §18.

Føremålet med eigne selskap kan vere fleire:

- Auke den forretningsmessige kompetansen i verksemdområde og i styringa
- Avgrense den økonomiske resultatorienteringa frå anna kommunal verksemd
- Redusere økonomisk ansvar eller effekt av samarbeid ved å drive verksemd i fellesskap med andre kommunar
- Styrkje kompetansemiljø, rekrutteringsevne osv i fagmiljø som ofte vert små i små og mellomstore kommunar
- Styrkje hovudkontorfunksjonen til selskap som er viktig for kommunen

### 1.4.4 Utfordringar ved eigarstyring

Kommunen sine styringsorgan, leiarstruktur og kultur for styring er tilpassa vanleg kommunal verksemd og vanlege politiske – administrative system for styring og rutinar. Auka satsing på organisering av selskap og eigarstyring fører til nye utfordringar for kommunen. Det gjeld både på det politiske og administrative nivå.

Organisering i selskap for å løyse kommunale tenester flyttar mynde og fullmakt frå kommunen til selskapa. Det fører også til delvis flytting av makt ved at organisering av kommunale tenester gjennom selskap medfører ei fristilling frå vanleg styringslinje med kommunedirektøren som administrativ leiar. I vanleg organisering av tenester vert styringa realisert i tråd med dei politiske vedtak og føringar som vert gjort kontinuerleg gjennom året. Ansvar for, og gjennomføringa av desse, ligg til kommunedirektøren. Kommunedirektøren har innanfor sitt delegererte mynde, høve til å påverke tenester og tilbod direkte gjennom eiga styring.

Ved organisering i selskap av kommunale tilbod og tenester er det framleis høve for eigar (kommunestyret) å ha innverknad over drift og gjennomføring av dei tenestene selskapa skal levere. Men det er slik at rammene for slik tenesteproduksjon som selskapa skal utføre vert lagt gjennom handlingsprogram på same vis som for dei kommunale einingane. Verkemedel for styring er likevel andre. Det gjeld til dømes fastsetting av føremål og vedtekter, val og skifte av medlemmer til styre, og gjennom disponering av resultat og finansiering av verksemda.

## 1.5 EIGARSKAPSPOLITIKK

### 1.5.1 Val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverket, herunder regelverk om offentleg støtte.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad, bør det etablerast eit aksjeselskap. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi for fleire kommunar kan interkommunale selskap vere ei hensiktsmessige form. Der ein enkeltkommune skal drive ei verksemd i eigenregi, kan kommunalt føretak (KF) vere ei høveleg selskapsform. Stiftingar kan ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

KS tilrår at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette.

### 1.5.2 Føremål med kommunen sin eigarskap i selskap

Ein eller fleire av dei seks kategoriane nedanfor bør leggst til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

1. Finansielt motivert (sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
2. Politisk motivert (t.d. behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte og liknande.)
3. Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
4. Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)
5. Regionalpolitisk posisjonering
6. Samfunnsansvar

Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet har blitt endra.

Gloppen kommune skal i framtida vere tilbakehalden med å gå inn som eigar i selskap/stiftingar. Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

### 1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjerast i vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Eigarane skal ha et medvite forhold til ein eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for utbyttepolitikk klargjerast og deretter fremjast for eigarorganet. Langsiktigheit og samfunnsansvar bør leggst til grunn for det kommunale eigarskapet. Føremålet i selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Fastsetting av vedtekter (KF og AS) og selskapsavtalar (IKS, KOF og IPR) er, saman med val av styremedlemmer, kanskje den viktigaste styringsreiskapen kommunen har. Vedtekter for

aksjeselskap vert vedtatt i generalforsamling. Kommunestyret kan før generalforsamlinga gjere vedtak som bind representantane i stemmegivinga i generalforsamlinga.

### **1.5.4 Utbytte**

I selskap med næringsdrift bør kommunen som hovudregel stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. For tida er det Sogn og Fjordane Energi, Firda Billag, Gloppen Energi og Enivest som gjev utbytte til kommunen.

### **1.5.5 Samfunnsansvar og etikk**

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga sin oppfatning om rett og galt. Omdømet til kommunen vil derfor mellom anna vere avhengig av korleis kommunen forvaltar samfunnsansvaret sitt gjennom selskap. Det finst ikkje eit felles fasitsvar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av det enkelte selskap.

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast. Dei etiske haldningane legg grunnlag for korleis kommunen faktisk utøver samfunnsansvaret. Etske retningslinjer bør derfor utarbeidast i kvart selskap. Retningslinjene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

Gloppen kommune ser det som avgjerande at dei selskap kommunen eig/har eigarinteresser i, har verdiar og haldningar som samsvarar med kommunen sine etiske retningslinjer, og driv etter sunne forretningsprinsipp. Selskapa skal også ha ein aktiv haldning til klimautslepp og leggje kommunen sitt klimarekneskap til grunn.

### **1.5.6 Valkomit  for styreutnemning i selskap**

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskap, bør det vedtektsfestast bruk av valkomit . F remålet er   sikre samansetting av styre med komplement r kompetanse og i tr d med eigarane sitt f rem l med selskapet. Representantskapet/ generalforsamlinga vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar b r valkomiteen setjast saman for   spegle eigardelar. Valkomiteens innstilling b r grunnjevast.

### **1.5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet**

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i lovverket. Det betyr at styret har det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet. Styret skal ogs  f re tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt  vste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som s kalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med f remålet med selskapet. Styret skal difor s rgje for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein st ttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes f lgje opp, evaluere og kontrollere leiinga. Styret skal s rgje for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i ut vinga av oppg vene sine. Dette inneber at styret greier   skilje rollar og unng  rolleblanding. Dette er s rleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig fr  rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Eit styremedlem representerer seg sj lv og ikkje eigarane. Ho eller han skal ivareta selskapet

sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er. Ein aktiv eigarskap betyr også at eit styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner denne ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet vert det tilrådd å unngå situasjonar der styret sine medlemmar jamleg blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet. Difor bør kommunen alltid vurdere bruken av leiande politikarar i selskapsstyra. Rådmannen tilrår at styra etablerer faste rutinar for å handtere mogelege habilitetskonfliktar.

## **1.5.8 Gjennomføring av eigarmøte**

Dei formelle eigarmøta er anten generalforsamling eller representantskapsmøte, men det kan også kallast inn til eigarmøte i tillegg til desse.

Styret bør legge til rette for at flest mulig av eigarorganets medlemmar kan delta i generalforsamling/representantskapet, og at dette blir ein møteplass for aksjeeigarane og styret. Dette kan gjerast ved å følgje reglane om innkalling; at saksdokumenta er utførlege nok til å ta stilling til sakene, at eigarane som ikkje kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjeld ikkje interkommunale selskap), at styret, revisjon og valkomité er tilstades og rutinar for at eigarorganet vel møteleiing.

## **1.5.9 Kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak**

Kommunedirektøren er budsjettansvarleg for kommunen si samla økonomiske verksemd. Dette omfattar også kommunale føretak der kommunedirektøren ikkje har instruksjonsmynde over dagleg leiar sine disposisjonar. Det er viktig at dette vert tema for samhandlingsdrøfting ved oppretting av føretak. Kommunedirektør, stedfortredar eller andre i leiande posisjonar kan ikkje sitje i styret.

# **1.6 EIGARSKAPSSTRATEGI**

## **1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre**

For aksjeselskap og interkommunale selskap tilrår kommunedirektøren at kommunestyret oppnemner politisk leiing som selskapet sine eigarrepresentantar i eigarorganet. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret sitt samla/ fleirtalsvedtak. Det er sentralt at det vert oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyret i forkant av generalforsamling / representantskapsmøte.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett og gitt dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt arbeid som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig.

Kjønnsrepresentasjon i styra:

I samsvar med lov om IKS er det krav om 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Reglane i aksjelova §20 – 6 om representasjon av begge kjønn i styra gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunen er majoritetseigar. Kommunedirektøren tilrår at eigarorgan, uavhengig av organisasjonsform, arbeider for balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i kommunen. Det er viktig å tenkje gjennom at det ikkje er noko krav om berre å nytte folkevalde i styra.

Der ikkje andre er valde av kommunestyret, representerer ordføraren eller den han eller ho gjev fullmakt, Gloppen kommune i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i kommunestyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med kommunestyret når det er nødvendig og minst ein gong i valperioden. Hastesaker kan drøftast med formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Gloppen kommune er eigar i:

- Sogn og Fjordane Energi
- Gloppen Energi
- Firda Billag
- Nordfjord Miljøverk
- Trivselshagen (Theigedom)

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskapet. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei orienteringssak til kommunestyret.

Lovverket gjev høve for å utpeike anten personlege eller numeriske vara. Der det vert utpeika vara til styre, tilrår kommunedirektøren at ordninga med numerisk vara bør nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Tilrådinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Kommunedirektøren tilrår vidare at 1. vara vert invitert til styremøta for på den måten å sikre best muleg kompetanse og kontinuitet.

## **1.6.2 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde**

Gloppen kommune bør som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike forholda knytt til eigarstyring. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av dei første 6 månadane av valperioden og seinare med oppfølging etter 2 år. Det vert tilrådd at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får førelagt ei oversikt over status for selskapa.

## **1.6.3 Registrering av styreverv**

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no).

## **1.6.4 Styrehonorar og leiarlønn**

Styrehonorar vert bestemt i selskapet sine eigarorgan. Leiarlønn vert fastsett av styret. Kommunen som eigar bør ha ein policy for slike saker, som selskapsorgana kan leggje til grunn. Omsynet til selskapet tilseier at honorar og leiarlønn bør utformast slik at dei:

- Fremjar måloppnåing i selskapet.
- Framstår som rimeleg i forhold ansvar, arbeidsbyrde og kompetanse.
- Framstår som konkurransedyktig i høve til like posisjonar i tilsvarande selskap.

Godtgjersle bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Det medfører at selskap som opererer i ein marknad der det er stor risiko, bør storleik på honorar reflektere dette. Styreverv i aksjeselskap og IKS kan i motsetnad til kommunale føretak vurderast i forhold til strafferettsleg og eller økonomisk ansvar og bør godtgjerast særskilt. Spesielt bør styreleiar godtgjerast særskilt i forhold til styremedlemmer. Kommunedirektøren tilrår at selskapa særskilt teiknar styreforsikring for alle styremedlemmene i selskap med avgrensa ansvar. Forsikringa gjeld det

økonomiske ansvaret, ikkje det strafferettslege. Styremedlemmer generelt bør ikkje påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvar for å fastsette godgjeringa til styremedlemmene. Frå 9. juni 2009 bestemte Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei forskrift som gjer det klart at styra i kommunale føretak ikkje kan vere med å fastsette eiga godtgjering. Det er representantskapet som fastset godtgjeringa til styremedlemmene i eit IKS og kommunestyret som fastset godtgjeringa til styret i kommunalt eigd selskap.

### **1.6.5 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar**

Ein kommunestyrerepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd. Inhabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er «part».

I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre særøigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlemmar bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå rådmannen. For meir informasjon sjå rettleiar om habilitet frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Etter kommunedirektøren sitt syn bør prinsippet om aktivt eigarskap via generalforsamling og representantskap og prinsippa om styremedlemmane sine rettar og plikter, i større grad føre til at Gloppen kommune vel profesjonelle styremedlemmar. Med profesjonelle styremedlemmar meinast her styremedlemmer som har kompetanse som gjer at ein får eit samla styre som på best mogeleg måte kan ivareta selskapet i tråd med eigaren sitt føremål med selskapet.

### **1.6.6 Tilsyn og kontroll**

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevast og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført mellom anna gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld også når ei verksemd er skilt ut i egne selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har derfor ei viktig rolle i kommunen si kontroll med selskap. Det er viktig at kontrollutvalet sikrast gode nok rammevilkår slik at dei har moglegheit til å utøve sin funksjon på ein gode måte.

Kontrollutvalet skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som kommunestyret skal vedta. Det vert rådd til at planen syner kva eigarinteresser og selskap som kan vera aktuelle for kontroll, og i kva grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i ein slik plan skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultat av desse. Kommunale føretak er ein del av kommunen som juridisk person og kjem inn under kontrollutvalet sitt generelle ansvar for å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte, og at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda i samsvar med kommunelova sine retningslinjer.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei

operative eigarorgana utøver kommunen sine eigarinteresser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgivinga. Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulere klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.

Kommunedirektøren tilrår at kontrollutvalet i vertskommunen har tilsynsansvar for interkommunale samarbeid / interkommunale selskap (IKS).

### **1.6.7 Beredskapsplanar - Risiko og sårbarheitsanalyse**

Kommunen må sjå til at alle kommunale selskap, både aksjeselskap og føretak, utarbeider egne beredskapsplanar og risiko og sårbarheitsanalysar. Desse må tilpassast tilsvarande kommunale planar.

### **1.6.8 Klimabudsjett**

Kommunen skal sjå til at alle kommunale selskap, både aksjeselskap og føretak, utarbeider egne klimabudsjett. Klimabudsjettet skal tilpassast tilsvarande kommunale planar.

### **1.6.9 Egedomsstrategi**

Gloppen kommune er både eigar, forvaltar og brukar av kommunale egedomar.

Egedomsstrategien omfattar å fastlegge føremålet med å eige egedomen, kva for type egedomar det er interessant å eige og kvifor det er interessant. Strategien har også med korleis kommunen skal gå fram ved å skaffe, forvalte, utvikle og selje egedomar. Gloppen kommune sin strategi er: *Gloppen kommune skal eige, forvalte og utvikle kommunen si egedomsmasse slik at egedomane bidreg til effektiv tenesteproduksjon og god forretningsmessig drift.*

I utøvinga av denne strategien skal kommunen ta omsyn til:

- Samfunnsmessige interesser
  - Miljø og berekraft
  - Kutararv
- Brukarinteresser
  - Brukar sine noverande og framtidige behov
  - Samsvar mellom krav og forventningar til lokala, ref tenesten som vert ytt
- Eigarinteresser
  - Tenelege lokale
  - Kostnadseffektivitet
  - Politiske mål

Kommunestyret vedtok 23.03.2022 å ikkje opprette eit kommunalt føretak for å forvalte kommunen sine næringsareal og næringsegedommar.

## DEL II – OMTALE AV KVART SELSKAP

### 2.1 AKSJESELSKAP

Det er ordfører som representerer Gloppen kommune på generalforsamlinga i alle aksjeselskap der kommunen er medeigar.

#### 2.1.1 Sogn og Fjordane Energi AS (984 882 092)

www.sfe.no

Styreleiar: Sigurd Erlend Reksnes  
Konsernsjef: Knut Arild Flatjord  
Kommunal representasjon i styret: Ingen.

##### FØREMÅL

Prouksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarende formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudformålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar. Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.

##### EIGARDEL

Sogn og Fjordane Holding AS er største eigar med nær halvparten av aksjane i SFE (49,5 %). Deretter kjem kraftkonsernet Evin AS med 36,8 % eigarskap, og seks kommunar i Nordfjord og Sunnfjord som samla har ein eigarskap på 13,7 %. Bremanger kommune har overført aksjane i SFE til sitt heileigde selskap Bremanger Eigedom AS. Gloppen kommunen eig frå 2017 3,45 % av aksjane.

##### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

##### ØKONOMISK UTVIKLING (KONSERN)

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	1 680 652	1 685 388	1 090 364	1 643 771	3 629 756
Resultat etter skatt (+: overskot)	285 807	433 417	199 948	-64 644	204 862
Utbytte totalt	100 010	119 752	75 058	0	124 941
Utbytte til Gloppen kommune	3 455	4 137	2 593	0	4 316

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen. Gloppen kommune har som mål å auke eigardelen sin i SFE AS.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 1 og 2, ref. kapittel 1.5.2.

## 2.1.2 Gloppen Energi AS (993 039 330)

Selskapet har ikkje eiga nettside.

Styreleiar: Per Jarle Myklebust

Dagleg leiar: John Morten Selsvik

Kommunal representasjon i styret: Per Jarle Myklebust (Sp)

### FØREMÅL

Produksjon av elektrisk energi og tilhøyrande overføring og omsetning på forretningsmessig basis. Selskapet skal eige, drive og utvikle [kraft]anlegg i samband med dette.

### EIGARDEL

Gloppen Energi AS er no eigd av Gloppen kommune med 70 % av aksjane og SFE Produksjon AS (som er SFE si produksjonsverksemd) med 30 %. I åra 2013-2016 var selskapet 100 % eigd av Gloppen kommune. Gloppen kommune sine dåverande 3,33 % (av 3,36 %) av eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi AS var lagt til Gloppen Energi AS fram til 2016.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	21 846	20 367	9 846	21 759	23 095
Resultat etter skatt (+: overskot)	8 543	7 834	-1 265	5 430	2 490
Utbytte totalt	700	700	2 000	2 700	2 000
Utbytte til Gloppen kommune	490	490	1 400	1 890	1 400

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 1, ref kapittel 1.5.2.

Kommunedirektøren rår til at eigarane vurderer risikostyringa i selskapet.

## 2.1.3 Sogn og Fjordane Holding AS (989 339 338)

www.sfholding.no

Styreleiar: Jenny Ellaug Følling

Dagleg leiar: Svein Øverland

Kommunal representasjon i styret: Per Jarle Myklebust (Sp)

### FØREMÅL

Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS - og sjølv eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.

### EIGARDEL

Aksjekapitalen er kr 3 834 904, fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr. 1, fordelt på to aksjeklassar, A og B. Aksjeklasse A består av 766 980 aksjar a kr 1, til saman kr 766 980. Aksjeklasse B består av 3 067 924 aksjar a kr 1, til saman kr. 3 067 924. Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmane på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte. Gloppen kommune eig 3,9 % av aksjane.

Selskapet sine aksjonærer er frå 1. januar 2020 Vestland fylkeskommune og kommunane Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2019	2020	2021	2022	2023
Sum driftsinntekter	-2 519	-731	-761	-761	-574
Resultat etter skatt (+: overskot)	47 245	58 500	36 444	36 444	-419
Utbytte totalt	0	58 125	35 013	35 013	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	2 300	1 366	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 1, ref kapittel 1.5.2.

Gjennom aksjonæravtalen kan ikkje aksjane omsetjast før tidlegast 31.12.2029.

## 2.1.4 Firda Billag AS (997 269 853)

www.firda-billag.no

Styreleiar: Håkon Martin Myrvang

Dagleg leiar: Nils Aslak Huus

Kommunal representasjon i representantskapsmøte: Ingen

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eiendom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

### EIGARDEL

Firda Billag AS var i 2023 eigd av 10 kommunar og Firda Billag AS. Sunnfjord er største eigar med 28,16 % av aksjane. Gloppen kommune eig 10,17 % av aksjane.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	295 895	278 258	262 480	272 353	274 588
Resultat etter skatt (+: overskot)	8 058	5 236	10 284	-1 077	-783
Utbytte totalt	1 500	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	153	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN GJELDANDE STRATEGI: Eiga sak vert framlagt vedrørende vurdering av framtidig eigarskap. Kommunedirektøren tilrår å vidareføre eigarskapen inntil vidare.

## 2.1.5 Breimsbygda skisenter AS (966 596 996)

www.breimsbygdaskisenter.no

Styreleiar: Nikolai Andreas Vedvik Sele

Dagleg leiar: Runar Stensaker Kleppe

Kommunal representasjon i styret: Per Jarle Myklebust (Sp)

### FØREMÅL

Eige, drive og vidareutvikle skitrekk på Utvikjellet og elles verksemd som har naturleg samanheng med dette. Overskot ved drift skal gå til føremålet. Overskot ved eventuell likvidasjon skal gå til idrettsføremål.

### EIGARDEL

Breimsbygda skisenter AS er eigd av Gloppen kommune (27 %), Breimsbygda II (27.2 %), Stryn kommune (15 %), Vikane II (15.4 %), Nordfjord Kjøtt AS (6 %) og andre aksjonærar (9.4 %).

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 1.764.740 kr per 31.12.2023.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2019	2020	2021	2022	2023
Sum driftsinntekter	872	902	874	1 935	1 592
Resultat etter skatt (+: overskot)	-475	-410	-200	335	-35
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 6, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.6 Movia Holding AS (928 354 547)

Selskapet vart oppretta 19.11.2021.

Styreleiar: Marit Elisabeth Larssen

Dagleg leiar: Øyvind Hervik

Kommunal representasjon i styret: Marit Elisabeth Larssen (Sp), Monica Synnøve Røsandhaug Grov (Ap)

### FØREMÅL

Eige aksjar i selskap: som driv praktisk opplæring, produksjon, handel og anna tjenesteytende arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant personar som varig eller mellombels ikkje er i stand til å utføre arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden; eller som har aktivitetstilbod til personar med særskilde behov. Selskapet kan og eige aksjar i selskap med liknande formål som beskrive, og dessutan selskap som eig og forvaltar eigedomar som har til hovudformål å dekke behovet for aktiviteten beskrive ovanfor. Selskapet skal ikkje ha erverv til formål. Selskapet skal ikkje dele ut utbytte, erverve eigne aksjar, gjennomføre kapitalnedsetjingar med utdeling til aksjeeigarane, eller på annan måte gjere utdeliongar til aksjeeigarane, med unntak av det som framkjem i vedtektene.

### EIGARDEL

Movia Holding AS er eigd av Gloppen kommune, Vestland fylkeskommune, Stad kommune, Stryn kommune, Kinn kommune, Volda kommune, Norsk Forbund for utviklingshemma Gloppen lokallag, Sparebanken Sogn og Fjordane, Høyanger kommune og Bremanger kommune. Gloppen kommune eig 71,52 % av aksjane.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 947.410 kr per 31.12.2023.

Garantien er gitt til dotterselskapet Movia Eigedom as.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2021	2022
Sum driftsinntekter	0	0
Resultat etter skatt (+: overskot)	-14	286
Utbytte totalt	0	
Utbytte til Gloppen kommune	0	

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

## 2.1.7 Visit Nordfjord AS (968 397 478)

www.visitnordfjord.no

Styreleiar: Kristoffer Opheim Nedberge

Dagleg leiar: Marita Sylvi Lindvik

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Utføre felles marknadsaktivitetar og å stimulere til produktutvikling og løyse andre fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltakande kommunane. Selskapet kan elles delta i forretningsmessig verksemd relatert til reiseliv.

### EIGARDEL

Visit Nordfjord AS er eigd av mange aksjonærar og samla aksjekapital er 1.724.500 kr. Gloppen kommune eig 5,2 % av aksjane.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	5 069	6 622	7 636	7 068	6 667
Resultat etter skatt (+: overskot)	-804	600	1 108	291	-674
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 4, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.8 Nordfjordbrua AS (992 271 973)

www.nordfjordbrua.no

Styreleiar: Harald Dagfinn Kjelstad

Kontaktperson: Jan Olav Tryggestad

Kommunal representasjon i styret: Beate Dybendal Nordvik (H), Marit Elisabeth Larssen (Sp).

### FØREMÅL

Regional utvikling og vekst i Nordfjord, og det som naturleg høyrer inn under dette. Selskapet kan og engasjere seg i tiltak som medverkar til regional utvikling og vekst i regionen. Primæroppgåva til selskapet er å arbeide for fergefri kryssing av Nordfjorden mellom Anda Lote.

### EIGARDEL

Gloppen kommune eig 34,02 % av aksjane. Stad kommune er største eigar med 34,88 %.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	327	300	300	300	380
Resultat etter skatt (+: overskot)	-78	24	95	116	-156
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 4 og 5, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.9 Midtvegen 615 AS (912 681 963)

midtvegen615.no

Styreleiar: Olav Klungre

Dagleg leiar: Olav Klungre

Kommunal representasjon i styret: Olav Klungre (KrF).

### FØREMÅL

Arbeide for utbygging og standardheving av fylkesveg 615 i Sogn og Fjordane fylke. Selskapet kan samarbeide med andre vegselskap for å delta i ein større samferdslepakke. Selskapet sitt overskot/underskot skal disponerast etter aksjelov og vedtekter. Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærane. Aksjane kan omsetjast fritt.

### EIGARDEL

Midtvegen 615 AS er eigd av 59 aksjonærar. Gloppen kommune eig 22,22 % av aksjane.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	2	0	220	0	0
Resultat etter skatt (+: overskot)	-13	-7	-55	-39	-5
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 5, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.10 Voldsfjordkryssing AS (916 866 615)

www.voldsfjordkryssing.no

Styreleiar: Oddbjørn Følsvik

Dagleg leiar: Odd Arne Folkestad

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Å arbeide for å realisere planane om å:

a) Erstatte ferjesambandet Volda-Folkestad med brusamband over Voldsfjorden.

b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad med brusamband over Dalsfjorden.

Selskapet skal vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

### EIGARDEL

Voldsfjordkryssing AS er eigd 124 aksjonærar og samla aksjekapital er 970.000 kr fordelt på 970 aksjar a 1000 kr. Gloppen kommune har 50 aksjar og eig dermed 5,15 % av selskapet. Stiftingsdatoen er 25.02.2016.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	969	676	0	341	0
Resultat etter skatt (+: overskot)	569	282	-305	0	-291
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 4 og 5, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.11 Enivest AS (982 503 620)

www.enivest.no

Styreleiar: Jørn Eirik Hodne

Dagleg leiar: Nandor Helgheim

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

På forretningsmessig basis, å opprette og tilby framtidretta kommunikasjonsnett og tenester knytt til denne typen nett, her medrekna deltaking i og kjøp/sal av andre selskap med liknande formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap, når dette er eigna til å styrkje hovudforretningsområdet, eller føre til meir rasjonell utnytting av selskapet sine resurrsar.

### EIGARDEL

Per 31.12.2023 eig Gloppen kommune 0,13 % av aksjane. Gloppen kommune er også deleigar i Sogn og Fjordane Energi AS som er ein av hovudaksjonærane med 40,3 % eigarskap i Enivest AS. Slik sett har Gloppen kommune reelt sett noko meir innflytelse i Enivest enn 0,13 % skulle tilseie.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	158 164	178 055	190 962	210 038	226 566
Resultat etter skatt (+: overskot)	12 474	16 033	19 490	23 743	19 441
Utbytte totalt	0	0	0	10 000	10 000
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	17	17

KOMMUNESTYRET SIN GJELDANDE STRATEGI: Sal av aksjar er under vurdering.

## 2.1.12 Eggenibberåsa AS (921 704 135)

<https://www.eggenipa.no/eggenipa>

Styreleiar: Bjarte Heggheim

Kontaktperson: Bjarte Heggheim

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Å tilrettelegge, utvikle og vedlikehalde turløypenett i Øvredalen, Eggenipaområdet og i nærliggande områder med tanke på utvikling av god folkehelse. Dette skal m.a. gjennomførast ved opparbeiding av turløyper til Eggenipa med etablering av plattformer og trapper, naturmøteplassar og stinettverk med kvile- og møteplassar, samt rydding og skilting, der deler av prosjektet skal tilpassast rørslehemma.

### EIGARDEL

Gloppen kommune eig aksjar for 30.000 kr. Denne aksjeposten vart kjøpt i 2019.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

<b>(1.000 kr)</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Sum driftsinntekter	0	16	6	151	82
Resultat etter skatt (+: overskot)	0	-22	-31	6	-9
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 2 og 5, ref kapittel 1.5.2.

## 2.1.13 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

[www.klp.no](http://www.klp.no)

Styreleiar: Tine Sundtoft

Konsernsjef: Sverre Thornes

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### OM SELSKAPET

Morselskapet Kommunal Landspensjonskasse er eit gjensidig selskap, og har ikkje eigarar i tradisjonell forstand, men selskapsmedlemar. Selskapsmedlemene er alle kundar som har offentleg tenestepensjon i selskapet. KLP sine kundar og selskapsmedlemar er kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og sjølvstendige verksemder som er knytt til offentleg sektor. KLP er største livsforsikringsselskap i Norge.

KLP leverer pensjons- finans- og forsikringstenester. Konsernet har ein forvaltningskapital på 589 milliardar kroner. Omlag 950 tilsette jobbar i KLP-konsernet.

### FØREMÅL

KLP skal levere trygge og konkurransedyktige finans- og forsikringstjenester til offentlig sektor og virksomheter med tilknytning til denne og deres ansatte.

### KOMMUNALT MEDLEMSKAP

Gloppen kommune har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar kommunen å betale eigenkapitalinnskot i den grad det er nødvendig for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I kommunen sitt rekneskap for 2023 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 21,6 mill kr. Ved ei eventuell utmelding av KLP er det kommunen sin del av selskapet si oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Kommunal Landspensjonskasse er eit gjensidig eigd selskap. Alle som etablerer avtale om offentleg tenestepensjon i KLP skyter inn eit eigenkapitalinnskot. Dette medfører at kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og bedrifter med offentleg tenestepensjon i KLP også er eigarar av selskapet.

## 2.1.14 Vann Vest AS (924 367 148)

Styreleiar: Tine Sundtoft

Dagleg leiar: Audun Halleraker

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### OM SELSKAPET

Samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsvirksomhet. Selskapet skal utføre og formidle tjenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.

### FØREMÅL

Utføre og formidle tjenester knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap.

### KOMMUNALT MEDLEMSKAP

Gloppen kommune vedtok i 2022 å gå inn som deleigar i Vann Vest AS (KOM- 038/22).

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

<b>(1.000 kr)</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Sum driftsinntekter	13 430	15 219
Resultat etter skatt (+: overskot)	623	882
Utbytte totalt	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

## **2.2 HEILEIGDE KOMMUNALE AKSJESELSKAP**

Gloppen kommune har ved årsskiftet 2023/2024 ingen heileigde kommunale aksjeselskap.

## **2.3 KOMMUNALE FØRETAK**

Gloppen kommune har ved årsskiftet 2023/2024 ingen kommunale føretak.

## 2.4 SAMVIRKEFØRETAK

### 2.4.1 Biblioteksentralen SA (910 568 183)

www.biblioteksentralen.no

Styreleiar: Torger Ødegaard  
Dagleg leiar: Hans Anders Vigen  
Kommunal representasjon i styret: Ingen

#### FØREMÅL

Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteker og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.

#### EIGARDEL

Kommunane har minst 1 andel for kvar 1200 innbyggjarar. Kvar andel er på 300 kr. Gloppen kommune har 5 andelar.

#### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	125 324	137 403	153 769	1 182 083	178 338
Resultat etter skatt (+: overskot)	-7 127	-11 342	4 686	77 407	-630
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunnjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 4, ref kapittel 1.5.2.

## 2.4.2 Trivselsskogen SA (915 994 245)

www.trivselsskogen.no

Styreleiar: Christine Aagård Midthjell  
Kontaktperson: Knut Roger Nesdal  
Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Tilrettelegge, utvikle og vedlikehalde sentrumsnært turområde med tanke på betre folkehelse. Dette skal m.a. gjennomførast ved opparbeiding av turløyper til Utsikten og Fossen med etablering av plattformer og trapper, klatre og buldrevegg, naturmøteplassar og stinettverk med kvile- og møteplassar samt rydding, skilting og lyssetting. Deler av prosjektet skal tilpassast rørslehemma.

### EIGARDEL

Gloppen kommune eig aksjar for 250.000 kr. Denne aksjeposten vart kjøpt i 2019.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Ingen.

### ØKONOMISK UTVIKLING

<b>(1.000 kr)</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Sum driftsinntekter	2 150				
Resultat etter skatt (+: overskot)	-223				
Utbytte totalt	0				
Utbytte til Gloppen kommune	0				

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunnjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 2 og 5, ref kapittel 1.5.2.

## 2.5. INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

### 2.5.1 Nordfjord Miljøverk IKS (977 549 833)

Styreleiar: Sven Flo

Dagleg leiar: Inge Bent Arnestad

Kommunal representasjon i styret: Ingen

#### FØREMÅL

Selskapet sitt føremål er å utføre kommunane sine oppgåver innan følgjande deler av avfallsbehandlinga:

1. Oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall og fraksjonar som kan gjenvinnast
3. Bygging og drift av innsamlingsystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg
4. Selskapet sine hovudoppgåver gjeld det forbruksavfallet kommunane har ansvaret for, men selskapet kan også drive innsamling, transport og behandling av produksjonsavfall og slam

Selskapet kan ta på seg alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pkt. 1-4. Selskapet kan overta ansvaret for dei nemnde funksjonane gradvis etter nærare avtale med kommunane. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

#### EIGARDEL

NoMil IKS har ein interessekapital på 1.000 mill kr fordelt på kommunane Bremanger, Stad, Gloppen, Stryn og Kinn. Gloppen kommune sin del av interessekapitalen er 13,62 %.

Representantskapet med personlege varamenn vert vald av kommunestyra for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

#### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 6.160.426 kr per 31.12.2023.

#### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	60 731	64 838	81 981	89 073	92 233
Resultat etter skatt (+: overskot)	1 821	408	-333	4 901	18
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 2 og 3, ref kapittel 1.5.2.

## 2.5.2 Alarmsentralen IKS (971 361 883)

www.alarmsentralen.com

Styreleiar: Petter Sortland

Dagleg leiar: Terje Brandsøy

Kommunal representasjon i representantskapet: Ingen

### FØREMÅL

Alarmsentralen sitt føremål er å vere eit respons-, tryggleiks-, og kompetansesenter for deltakarkommunane. Selskapet skal sikre gode tenester for innbyggjarane i kommunane prega av kvalitet, tryggleik, kunnskapsbasert og einskapleg behandling, tilgjengelegheit, service og god brukaropplevd kvalitet.

### EIGARDEL

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS har ein interessekapital fordelt på 24 av kommunane i Sogn og Fjordane (alle utanom Solund og Gulen). Gloppen kommune sin del av interessekapitalen er 5,53 %.

Representantskapet med personlege varamenn vert vald av kommunestyra for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 356.497 kr per 31.12.2023.

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngjeve i at eigarskapen oppfyller føremål 3, ref kapittel 1.5.2.

## 2.5.3 Nordfjord Havn IKS (884 276 012)

www.nordfjordhavn.no

Styreleiar: Kristian Skibenes

Dagleg leiar: Kjell Magnar Fagna

Kommunal representasjon i rådet: Ingen

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

Nordfjord Havn IKS er opprettet for å samordne og ivareta den kommunale havnevirksomheten innen samarbeidsområdet. Nordfjord Havn IKS skal saman med andre havneinteresser bidra til et samlet, kostnadseffektivt og konkurransedyktig havnetilbud i regionen.

Nordfjord Havn IKS skal ivareta de administrative og forvaltningsmessige oppgaver som etter havne- og farvannsloven og annen lovgivning som gjelder havnesektoren, påhviler de samarbeidende kommunene. Havneanlegg og arealer skal disponeres med sikte på en best mulig, samlet ressursutnyttelse.

For å opprettholde og videreutvikle den kommunale havnevirksomheten i samarbeidsområdet, og denne virksomhetens trafikkgrunnlag, kan Nordfjord Hamn IKS engasjere seg i havnetilknyttet virksomhet som finnes hensiktsmessig og fordelaktig for de samarbeidende kommunenes havneinteresser, og det næringslivet den kommunale havnevirksomheten tar sikte på å betjene.

### EIGARDEL

Nordfjord Havn IKS har ein interessekapital fordelt på kommunane Gloppen, Stryn og Kinn. Kinn kommune er største eigar med 48 % eigardel. Gloppen kommune sin del av interessekapitalen er 13 %.

Representantskapet med personlege varamenn vert vald av kommunestyra for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 13.638.742 kr per 31.12.2023.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	29 824	30 963	22 392	20 355	45 706
Resultat etter skatt (+: overskot)	8 554	9 537	4 496	3 082	19 991
Utbytte totalt	0	0	0	0	0
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	0

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 3, ref kapittel 1.5.2.

## 2.5.4 Theigedom IKS (991 625 348)

Har ikkje eiga heimeside.

Styreleiar: Trond Ueland

Dagleg leiar: Baard Helle Bolstad

Kommunal representasjon i representantskapet: Jan Ove Rygg (Sp) og Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV)

Kommunal representasjon i styret: Ingen

### FØREMÅL

TH Eigedom IKS (tidlegare Trivselshagen IKS) er eit interkommunalt eigedomsselskap skipa 07.03.2007. Selskapet sitt føremål er å eige, drifte og vedlikehalde anlegga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Selskapet forvaltar om lag 13500 m<sup>2</sup> bygningsmasse.

Fylkeskommunen sitt overordna mål med selskapet er å få dekkja arealbehovet til Firda vidaregåande skule. Kommunen sitt overordna mål med selskapet er å få dekkja arealbehovet til skule-, idretts- og kulturføremål.

### EIGARDEL

TH Eigedom IKS har ein interessekapital fordelt likt mellom Gloppen kommune (50%) og Sogn og Fjordane fylkeskommune (50%). Gloppen kommune sin del av interessekapitalen er 47.344.785 kr.

Representantskapet med personlege varamenn vert vald av kommunestyra for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

### KOMMUNALT LÅN ELLER GARANTI

Kommunal garanti: 28 485 255 kr per 31.12.2023 – tilsvarar 50% av selskapet si lånegjeld.

### ØKONOMISK UTVIKLING

(1.000 kr)	2018	2019	2020	2021	2022
Sum driftsinntekter	19 789	20 084	19 022	19 224	19 449
Resultat etter skatt (+: overskot)	462	1 542	1 812	1 246	713
Utbytte totalt	0	0	0	0	
Utbytte til Gloppen kommune	0	0	0	0	

KOMMUNESTYRET SIN STRATEGI: Vidareføre eigarskapen.

Dette er grunngeve i at eigarskapen oppfyller føremål 2, 4 og 5, ref kapittel 1.5.2.

## **2.6. KOMMUNALE OPPGÅVEFELLESSKAP (KOF)**

### **2.6.1 Vestland revisjon kommunale oppgåvefelleskap (923 249 478)**

Inga heimeside.

Revisjonseininga er stifta med heimel i kommunelova kapitla 19 om Kommunalt oppgåvefelleskap 24 om Revisjon. Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap er eit eige rettssubjekt. Styret har arbeidsjevaransvaret.

Styreleiar: Atle Hamar  
Dagleg leiar: Asgeir Tveit  
Kommunal representasjon: Ingen

#### **FØREMÅL**

Revisjonssamarbeidet har som føremål å utføre revisjon i, og ha tilsyn med, deltakande kommunar, fylkeskommunar, og kommunale/interkommunale føretak etter kommunelova og tilhøyrande forskrifter og regelverk om revisjon.

Deltakar i revisjonssamarbeidet er ikkje ope for andre enn kommunar og fylkeskommunar.

Revisjonssamarbeidet kan ta på seg revisjon av kommunar, kommunale, fylkeskommunale og interkommunale verksemder og føretak, og elles oppgåver/oppdrag som lovverket til eikvar tid ikkje er til hinder for.

Revisjonssamarbeidet skal fremme kommunane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i samarbeidet, samstundes som samarbeidet er forplikta til å dekke kommunane sine behov for revisjonstenester. Kommunane er forplikta til å kjøpe sine revisjonstenester av samarbeidet.

Revisjonssamarbeidet kan selge tenester til andre så lenge den totale delen av denne omsetnaden er innanfor grensene til gjeldande regler for utvida eigenregi, jf. lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Revisjonssamarbeidet kan ikkje vere eigar eller deltakar i andre verksemder som kan kome i konkurranse med revisjonssamarbeidet sitt føremål.

### **2.6.2 IKT Nordfjord (812 536 982)**

[www.nordfjordnett.no](http://www.nordfjordnett.no)

IKT Nordfjord er det strategisk IKT-samarbeidet i Nordfjord. Deltakarane er kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn. Dette er kommunalt oppgåvefelleskap med heimel i kommunelova kapittel 19.

Styreleiar: Tom Ludvig Joensen  
Dagleg leiar: Bent Sølvsberg Eikeberg  
Kommunal representasjon i styret: Anders Skipenes (delegasjon frå Kommunestyret i sak 108/12).

#### **FØREMÅL**

Samarbeidet skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver knytt til strategisk utvikling, kostnadseffektiv service og drift av eigarkommunane sin informasjons- og

kommunikasjonsteknologi (IKT).

Samarbeidet skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Samarbeidet er regulert av samarbeidsavtalen. Styret får i oppgåve å utarbeide og ta stilling til andre ev. underavtalar og styringsdokument, t.d. tenesteleveranseavtale og strategidokument.

Samarbeidet er delt i to einingar: ei strategieining (IKT strategi) og ei driftseining (Nordfjordnett), under leiing av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar.

### **2.6.3 Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap (930 064 661)**

Kommunearkivordninga i Vestland er oppretta som kommunalt oppgåvefelleskap med heimel i kommunelova kapittel 19. Oppgåvefelleskapet er eige rettssubjekt.

#### **FØREMÅL**

Å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegrer. Samarbeidet kan yte depottenester for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltakarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørgje for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Deltakarkommunane: Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Stad, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stryn, Vik, Årdal og Vestland fylkeskommune.

Styreleiar: Geir Liavåg Strand

Dagleg leiar: Sigrun Espe

Kommunal representasjon i styret: Geir Liavåg Strand

### **2.6.4 SEKOM sekretariat kommunalt oppgåvefelleskap (987 631 554)**

[www.sekom.no](http://www.sekom.no)

Sekom-sekretariatet er oppretta som kommunalt oppgåvefelleskap.

Styreleiar: Per Rune Vereide

Dagleg leiar: Arnar Helgheim

Kommunal medlem i representantskapet: Ingen

Kommunal representasjon i styret: Ingen

#### **FØREMÅL**

Utføre sekretariatstenester for kontrollutvala i eigarkommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn og Sunnfjord.

## **2.7 INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD**

### **2.7.1 Fjordane interkommunalt politisk råd**

Gloppen kommune vedtok i kommunestyremøte 27.10.2021 å slutte seg til samarbeidsavtalen om etablering av Fjordane interkommunalt politisk råd frå 1.1.2022. Dei kommunane som er med i rådet frå oppstarten er Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Sunnfjord, Kinn, Bremanger, Stad, Stryn og Gloppen.

## **2.8 STIFTINGAR**

Ei stifting eig seg sjølv. Gloppen kommune er medstiftar i dei stiftingane som er nemnd her, men vi er ikkje eigarar og slik sett høyrer oversikta under strengt tatt ikkje med i ei eigarmelding.

### **2.8.1 Gloppen frivilligsentral (971 366 362)**

[www.gloppen.frivilligsentral.no](http://www.gloppen.frivilligsentral.no)

Styreleiar: Thor Horntvedt

Dagleg leiar: Kari Arnestad

Kommunal representasjon i styret: Cecilie Majchrowicz Helgheim

#### **FØREMÅL**

Frivillig arbeid i Gloppen innanfor eit kristent/humanitært menneskesyn.

#### **EIGARDEL**

Gloppen frivilligsentral har ein stiftingskapital på 52.000 kr. Gloppen kommune har betalt 25.000 kr og kommunen sin del av stiftingskapitalen er dermed 48 %.

Kommunen oppnemner ein styremedlem med vara.

### **2.8.2 Stiftinga Karnilstunet (976 474 767)**

Inga nettside, men side på Facebook.

Styreleiar: Karoline Bjerkeset

Kontaktperson: Ove Hauge

Kommunal representasjon i styret: Olaf Sigurd Gundersen (Sp)

#### **FØREMÅL**

Overta tun, bygninger m.m. på gnr. 68, bnr. 1 i Gloppen for å sikre bygningar, inventar og kulturlandskap for framtida.

#### **EIGARDEL**

Stiftinga Karnilstunet har ein stiftingskapital på 250.000 kr.

Kommunen oppnemner ein styremedlem.

### **2.8.3 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (994 179 136)**

[www.sfj.museum.no](http://www.sfj.museum.no)

Styreleiar: Ivar Kvalen  
Dagleg leiar: Jan Heggheim  
Kommunal representasjon i rådet: Ingen

#### FØREMÅL

Drift av museum med offentlege driftstilskot.

#### EIGARDEL

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har ein grunnkapital på 100.000 kr. Gloppen kommune har betalt 10.000 kr og kommunen sin del av stiftingskapitalen er dermed 10 %.

Kommunen oppnemner ein medlem til stiftinga sitt råd.

### **2.8.4 Stiftinga Norsk Countrytreff (987671 017)**

[www.norskcountrytreff.no](http://www.norskcountrytreff.no)

Styreleiar: Nils R Sandal  
Dagleg leiar: Vegar Sårheim  
Kommunal representasjon i styret: Bernt Reed (Sp)

#### FØREMÅL

Å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Norge, og å kunne tilby dette kulturtilbodet til fastbuande og til besøkande frå inn- og utland

Å arrangere eit årleg countrytreff i Gloppen kommune. Arrangementet har eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå, vidare skal arenaen vere open for regionale og lokale etablerte og nye artistar og grupper som på den måten kan få presentere seg i eit større miljø.

Å kunne vere arrangør eller vere medarrangør i andre lokale, regionale og nasjonale countrykonsertar gjennom året, med det som føremål å auka interessa for countrymusikk, og dermed legge grunnlag for auka interesse for den årlege countryfestivalen. Dette må likevel ikkje verte ei økonomisk belastning for stiftinga.

Å oppretthalde og vidareutvikle det gode og attraktive miljøet, og å kunne tilby fleire tilbod for heile familien under den årlege countryfestivalen.

#### EIGARDEL

Stiftinga Norsk Countrytreff har ein grunnkapital som ligg i dei bygningar/anlegg som stiftinga eig. Utifrå verditaksten (24.03.04) er den tekniske verdien sett til 740.000 kr, og salsverdi på takseringstidspunktet er 410.000 kr.

Kommunen oppnemner ein medlem til representantskapet og ein medlem til styret.

### **2.8.5 Stiftinga Norsk Fjordhestgard (856 625 982)**

Inga nettside, men side på Facebook.

Styreleiar: Anne Marie Strand Håheim  
Kontaktperson: Anne Marie Strand Håheim  
Kommunal representasjon i rådet: Ingen  
Kommunal representasjon i styret: Ingen

#### FØREMÅL

Bygge opp eit kompetansesenter for avl og bruk av fjordhest og å produsere andre tenester i samband med dette.

#### EIGARDEL

Stiftinga Norsk Fjordhestgard har ein stiftingskapital.

Kommunen oppnemner ein styremedlem med vara.

### **2.8.6 Fjellstad stiftelse (977 146 453)**

Inga nettside.

Styreleiar: Geir Peder Ueland

Kontaktperson: Geir Peder Ueland

Stiftelsen vel sine egne styrerepresentantar.

#### FØREMÅL

Drift av bustadar for vankelegstilte personar eller andre.

#### EIGARDEL

Fjellstad stiftelse har ein stiftingskapital på 1920 kr.

Stiftinga utpeiker sitt eige styre.

## **2.9 ANDRE SAMARBEIDSORGAN/MEDLEMSORGANISASJONAR GLOPPEN KOMMUNE HAR INTERESSER I**

### **2.9.1 Nordfjordreådet (vedtatt avvikla 04.12.2023)**

### **2.9.2 Fjordane folkehøgskule**

[www.fjordane.fhs.no](http://www.fjordane.fhs.no)

Fjordane folkehøgskule er organisert som ei foreining.

Styreleiar: Øyind Dypveit

Dagleg leiar: Silvia Van Hesik Førde

Kommunal representasjon i styret: Ingen

#### FØREMÅL

Bygge og drive folkehøgskule i Eid.

#### EIGARDEL

Fjordane folkehøgskule har ein bokført andelskapital på 1.093.700 kr. Gloppen kommune har 50 andelar a 1000 kr og dermed ein eigardel på 0,5 %. Vi har ikkje stemmerett. Kommunedirektøren tilrår at vi sel desse 50 andelane til Stad kommune.

## **2.10 FALLRETTAR**

### **2.10.1 Myklebustdalselva**

Gloppen kommune er fallrettseigar med 3,9 % i Myklebustdalselva. Fallrettane er leigd ut til Byrkjelo kraft AS for 30 år frå konsesjonsdato (17.02.2005).

### **2.10.2 Flølofossen**

Gloppen kommune kjøpte eigedommane Havnen og Fossen av avviklingsstyret i Breim Everk. Handelen er tinglyst 10. november 1978. Gloppen kommune eig alle fallrettane i Flølofossen. Dette utgjer 4,2 % av fallrettane i Storelva.

# DEL III – OVERSIKT OVER GLOPPEN KOMMUNE SINE LEIGEOBJEKT

Kommunestyret vedtok den 18.12.2024 (KOM-096/23) følgjande:

«Innarbeide oversikt over leigeavtalar i Eigarskapsmeldinga

Kommunestyret ber om at det i Eigarskapsmeldinga vert innarbeidd ei oversikt over Gloppen kommune sine leigeobjekt. Oversikta skal som minimum innehalde;

- Namn på utleigar
- Leigeobjekt og formål
- Dato for utløp av leigekontrakt.»

I det følgjande har kommunedirektøren forsøkt å svare ut denne bestillinga:

### Leigeinntekter:

Gloppen kommune har svært mange leigeobjekt, både til innleige og utleige. I 2023 var det inntektsført totalt 21.1 MNOK på art 16300 - Husleigeinntekter og utleige av lokale. Av dette var over 18 MNOK knytt til 50 objekt og utleige til privatpersonar/lag/ideelle organisasjonar. Den største delen av dette er knytt til husleige for brukarar på ulike bustadar og bukollektiv. I tillegg er ein del knytt til utleige av kultur- og idrettsanlegg.

Kommunen eig også nokre næringsseigedommar som blir leigd ut til forretningsmessige formål:

Objekt	Inntekt 2023	Leigetakar	Formål	År	Fra	Til
6424 - NTU-bygget (Gbnr. 77 /540 og 77 /580)	- 1 358 288	Bano AS (980 913 023)	Kontor/produksjon	30	2019	2049
6426 - Blålysbygg	- 1 051 524	Politiets Fellestjenester (974 761 157)	Politiets virksomhet	10	2021	2031
6420 - Lagerhall Øyrane (Gbnr. 69/327)	- 369 411	Bano AS (980 913 023)	Lager	30	2014	2044
7440 - Lokaler ved omsorgssenteret	- 446 328	NAV Vestland (974 652 358)	Offentleg kontor	6	2023	2029
<b>Sum</b>	<b>- 3 225 551</b>					

### Leigeutgifter:

Kommunen har også ein del leigeutgifter, både knytt til bustadar for vidareutlån og til bruk i den kommunale tenesteytinga. I 2023 var totalt 8.5 MNOK kostnadsført på art 11900 - Leige av lokale og grunn.

Objekt	Utgift 2023	Utleigar	Utløp (opsjon)
<b>Diverse leigeutgifter</b>	<b>3 677 281</b>	Mange forskjellige	
<b>Leige til GOS Vaksenopplæring</b>	<b>704 400</b>	SANDCO EIGEDOM AS	2023 (+2)
<b>Leige til heimetenesta på Reed</b>	<b>167 958</b>	REED SENTER AS	2024 (3+2)
<b>Leige av brannstasjon</b>	<b>402 690</b>		
Leige brannstasjon Breim	290 400	BREIM EIGEDOM AS	2041
Leige brannstasjon Hyen	112 290	ARILD STRAUME	2041
<b>Leige av lokaler Grandane</b>	<b>3 560 904</b>	SANDANE HANDELSEIENDOM AS	2027
3100 - Legekontoret	1 510 535		
2303 - Helsestasjonen	691 528		

Objekt	Utgift 2023	Utleigar	Utløp (opsjon)
3400 - Fysio/Ergo	389 563		
3300 - Sandane Heimetenesta	351 461		
2300 - Barnevern	273 477		
3500 - Psykisk helse	129 973		
2304 - PPT-grunnskule	128 549		
2307 - PPT - førskule	85 818		
<b>Sum</b>	<b>8 513 233</b>		

**Vedlegg:**

Eigarskapsmelding 2023

1578244

03.06.2024